

# Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

20. februar 2014

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Torsdag 20. februar 2014 kl. 11.45 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Tilbod til gravide og fødande ved Odda sjukehus

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

### Frå styret møtte

Styreleiar Terje Vareberg  
Ohene Aboagye  
Olin Johanne Henden

Tom Guldhav  
Reidun Johansen

### Frå administrasjonen møtte

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Eigardirektør Ivar Eriksen

Seniorrådgjevar Ingvill Skogseth

### Også til stades

Fagdirektør Vidar Kårikstad

Riksrevisjonen var varsle i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikke.

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigkeit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Terje Vareberg og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

### Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold spurde om nokon hadde merknader til utsendt dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

### Sak 3 Tilbod til gravide og fødande ved Odda sjukehus

Føretaksmøtet viste til føretaksmøtet i Helse Vest 28. april 2011, sak 3

Spesialisthelsetenestetilboden i Helse Førde HF og Helse Fonna HF. Føretaksmøtet la da til grunn at den forsterka fødestova i Odda vert gjort om til ordinær jordmorstyrt fødestove i tråd med Helsedirektoratet si tilråding, jf styret sitt vedtak i sak 124/10B, 1. desember 2010.

Føretaksmøtet viste til styret i Helse Vest RHF sitt vedtak i sak 149/13B om tilbod til gravide og fødande i Hardanger/Odda, der det er gjort greie for at Helse Fonna HF har gjennomført gode prosessar med kommunane og dei tilsette. I 2012 rådde jordmødrene i Odda og sjukehuset sin spesialist i gynekologi ikkje å opprette ei jordmorstyrt fødestove. I staden ble det anbefalt å opprette eit tilbod i tråd med «God start»-modellen som er etablert ved sjukehusa i Nordfjord og Lærdal. Modellen legger opp til at det skal være svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling, men ikkje planlagde fødslar ved eininga. Det vil vere moglegheit for «nødfødslar».

#### Føretaksmøtet vedtok:


- Føretaksmøtet opphevar tidligare vedtak i saka og legg til grunn at fødestova ved Odda sjukehus blir gjort om til eit tilbod i tråd med «God start»-modellen med tilbod om svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling.
- Det skal vera ein trygg situasjon for kvinner i fødsel med tilgjengeleg jordmorteneste, følgjeteneste og det skal vere høve til å føde i Odda dersom kvinna ikkje rekk fram til planlagt fødestad.

Møtet vart heva kl. 11.50.

Oslo, 20. februar 2014



Frode Myrvold



Terje Vareberg